

Fra: Geir Tore Midttømme <geirtorem@hotmail.com>

Dato: 21. mai 2025 kl. 17:41:19 CEST

Til: mikalkvaal@gmail.com

Emne: Undring kring innkallingspraksis og plassering som varamedlem

Til æreverdige leiar i kontrollutvalet,

Underteikna tillét seg med dette å framsetje eit audmjukt spørsmål av prinsipiell og personleg karakter, som eg vonar vil verta teke under alvorleg og grundig vurdering.

Ved det høgvyrde kommunestyret sitt møte, haldet den 20. mai inneverande år, vart eg som 1. vara til kommunestyret korkje innkalla til møtet eller nemnd som forfall. Til mi store undring og uro, vart det derimot registrert at 2. vara møtte som representant i kommunestyret, medan eg, som ved lovleg val er innsett som fyrste varamedlem, ikkje fekk nokor melding, inkje innkalling, og heller ikkje vart førd opp i oversynet over forfall.

Difor spør eg, med det høv som sømer seg:

Kva er mi noverande plassering på varalista til kommunestyret, og har eg – av ein eller annan grunn – falle ut or den?

Eg undrar meg òg over kva gjeldande praksis og retningslinjer som vert lagde til grunn ved innkalling av varamedlemmer til kommunestyret sine møte, og om det i dette høvet har funne stad eit mistak, eit brot på praksis, eller ein annan form for uregelmessig framgangsmåte.

Eg bed Dykk, som kontrollutvalet sin øvste tillitsmann, om å syta for ei klårlegging av saka, og vonar på eit skriftleg svar i næraste framtid.

Med djupaste vyrdnad,

Geir Tore Midttømme

Vald 1. varamedlem til kommunestyret

21.05.25 Hovin